



Arkivnr: 2014/11976-49
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		14.01.2016
Fylkesutvalet		29.01.2016

Rv. 13 Klassifisering/framtidig status på Gamlevegen i Skjervet etter opning av Tunsberg tunnelen - Granvin herad og Voss kommune

Samandrag

Saka gjeld klassifisering av gamlevegen i Skjervet langs Rv 13 etter opninga av Tunsberg tunnelen i Granvin herad og Voss kommune. Tunsberg tunnelen er ikkje opna for gang- og sykkeltrafikk.

I samband med utarbeiding av reguleringsplanen for Tunsberg tunnelen var det lagt til grunn at gamlevegen er tenkt nytta som kombinert lokalveg/bygdeveg og gang- og sykkelveg. Statens vegvesen tilrår no at vegen framleis blir klassifisert som riksveg.

Tunsberg tunnelen erstatta eksisterande veg frå Moavatnet i Voss kommune, ned Skjervet og til Øvre Vassenden i Granvin herad. Tunsberg tunnelen vart opna i desember 2011. Etter at denne vart opna er gamlevegen framleis open for ferdsel og har i hovudsak berre turisttrafikk. Sjølve Skjervet er vinterstengt og er fysisk stengt med bom.

Klassifiseringssaka er sendt til Granvin Herad og Voss kommune til uttale. Begge er samd i tilrådinga om å oppretthalde gamle vegen som riksveg. Fylkesrådmannen har ikkje merknad til dette og vil anbefala tilrådinga frå Statens vegvesen.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tilrår at Rv 13 langs Skjervet framleis vert klassifisert som riksveg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.12.2015

1. Bakgrunn

Saka gjeld klassifisering av gamlevegen i Skjervet langs Rv 13 etter opninga av Tunsberg tunnelen i Granvin herad og Voss kommune.



Tunsberg tunnelen erstatta eksisterande veg frå Moavatnet i Voss kommune, ned Skjervet og til Øvre Vassenden i Granvin herad. Tunsberg tunnelen vart opna i desember 2011. Etter at denne vart opna er gamlevegen framleis open for ferdsel og har i hovudsak berre turisttrafikk. Tunsberg tunnelen er ikkje opna for gang- og sykkeltrafikk. Sjølve Skjervet er vinterstengt og er fysisk stengt med bom.

I samband med utarbeiding av reguleringsplanen for Tunsberg tunnelen var det lagt til grunn at gamlevegen er tenkt nytta som kombinert lokalveg/bygdeveg og gang- og sykkelveg.

Grunngjeving frå Statens vegvesen om å oppretthalde vegen som riksveg er i hovudsak at Tunsberg tunnelen ikkje vil bli opna for gang- og sykkeltrafikk. Dessutan er vegen langs Skjervet ein del av dei nasjonale sykkelruta i Noreg. Nasjonale Turistveger ynskjer å utvikle og markera Skjervet ved Skjervsfossen.

Ved å oppretthalde vegen som riksveg kan denne vera omkøyringsveg om større tiltak må gjerast i Tunsberg tunnelen.

Statens vegvesen har no starta klassifiseringssak for denne strekninga, og har slik tilråding;

«Heile gamlevegen Rv 13 (Rt 13) frå krysset ved Seim i sør til krysset ved Moavatnet i nord vert klassifisert som arm til Rv.13 med eigen Hp, men vil vera vinterstengt mellom bommane ved Skjervet og nord for gnr. 88/2, og vil fortsatt vera i statleg eiga.»

Klassifiseringssaka er sendt til Granvin herad og Voss kommune til uttale. Begge er samde i tilrådinga om å oppretthalde gamle vegen som riksveg.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til dette.